



Miljøretta helsevern

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/128 - 19/2363

Sakshandsamar:

Stine Waage

stine.waage@fedje.kommune.no

Dato:

10.05.2019

Svar på merknadar etter tilsyn

Miljøretta helsevern var på tilsyn i Fedje barnehage 13.03.2019 og fekk sju merknadar barnehagen burde retta opp i.

1. §§ 6, 7 og 13; Vedlikehaldsplan bør oppdaterast slik at den beskriv innvendig og utvendig vedlikehald, og vere eit styringsdokument med påfølgjande kostnader på kort og lang sikt.

Tilbakemelding: Sjå vedlegg.

2. § 10; Barnehagen må ha dokumenterbare tilsynsrundar ved sovesituasjonar.

Tilbakemelding: Barnehagen nyttar no babycall med videokamera og lyd. Monitoren er alltid under oppsyn av tilsette eller på kontorpuhlen til styrar, slik at barnet alltid er overvåka.

3. § 11; Vurdere reperasjon/utskifting av kjøleskåp grunna avvik av temperatur.

Tilbakemelding: Temperaturen hadde avvik over lengre tid. Det vart deretter erfart at dersom kjøleskåpet var veldig fullt klarte det ikkje å halde temeperaturen. Me har no innkjøp oftare, slik at det ikkje er like fullt heile tida. Dersom det igjen kjem opp igjen i for høg temperatur, vil me investere i nytt kjøleskåp.

4. § 14; Leikeplassutstyr må kontrollerast jamleg etter «Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr» og NS-EN 1176 del 1-7 og del 10-11 Lekeplassutstyr og underlag.

Tilbakemelding: Barnehagen har som plan å ha kontroll på leikeapparat haust/vinter 2019.

5. § 14; Barnehagen bør etablere fleire og betre parkeringsplassar. Det vert anbefalt å rygge inn i parkeringslomme for å unngå farlege situasjonar.

Tilbakemelding: Trafikksikring barnehage står på budsjett for 2019.

6. § 21; Inne: Støydempingstiltak bør vurderast i rom med etterklang.

Tilbakemelding: Haust 2019 skal barnehagen ha ei ommøblering. Det rommet som har mest etterklang skal bli eit «leserom» der veggane vil ha fleire hyller og bokstativ. Me vil sjå då om etterklngen vil vere like stor. Dersom klngen derimot ikkje er så høg at den er forstyrrende, vil ikkje fleire tiltak bli gjort. Dersom det er mykje det same vil me sjå på fleire løysingar for dette.

7. § 21; Ute: Støydemping/lydfelle bør monterast på ventilasjonsanlegg, da dette gjer støy til leikeområdet.

Tilbakemelding: Støydemping er teke inn på plan for vedlikehald

Med helsing

Stine Waage

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlikehalsplan Fedje barnehage

Mottakarar:

Miljøretta helsevern